



SAUDA SOKN  
Toppadalen 3  
4200 SAUDA

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Steinar Jacobsen, 33371207

## Godkjenning av forskrift om gravplassvedtekter i Sauda kommune

Me visar til søknad om godkjenning 30. april og 28. mai 2025.

### Vedtak

Statsforvaltaren godkjenn nye forskrifter for gravplassane i Sauda kommune, jf. gravplasslova § 21, vedteke av Sauda sokneråd 29. april 2025, sak 06/25, med ein oppdatering/endring sendt oss 28. mai 2025.

### Sakshandsaming

Statsforvaltaren har rettleid kyrkjeverjen i vedtektsarbeidet. Gravplassvedtektene har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 37.

### Kunngjering og ikraftsetjing

Forskrifta om vedtekter for gravplassane må kunngjerast i Norsk Lovtidene før dei trer i kraft, jamfør forvaltningslova § 38. Her er meir informasjon: [Lovtidend - kunngjering - Lovdata](#).

Forskrifta skal vera i elektronisk lesbart format (til dømes Word, ikkje PDF), og må lastast opp saman med utfylt kunngjerings skjema. Det må komma tydeleg fram kva som er avsnitt eller ledd i forskrifta.

Vedtektene bør òg gjerast kjent, og når dei vil gjelde frå, i lokal avis som er alminneleg lese på staden og på nettsida til kommunen og gravplassmyndigheita. Kunngjering i avis kan avgrensast til ein kort omtale med opplysningar om kvar vedtektene er å finna i sin heilskap. Me tilrår at vedtektene blir gjorde lett tilgjengelege på nettsidene til gravplassmyndigheita, med ei lenke til kunngjort versjon på Lovdatas nettsider. Det er den utgåva som ligg på Lovdatas nettsider som er den gjeldande.

Med helsing

Hege Alice Granøe  
fagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Steinar Jacobsen  
seniorrådgiver

